

Stein Otto Hole
Vassendveien 91
5174 MATHOPEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/3023 - 20/12808

Saksbehandlar:
Elin Houlison Molvik
elin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
05.03.2020

Førebels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 103/7 Fjellanger

Tiltak: Nytt bygg
Byggjestad: Gbnr: 103/7
Tiltakshavar: Stein Otto Hole
Ansvarleg søker: Stein Otto Hole

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.01.2020.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommunedelplanen sin arealdel for 2019-2031 (Lindås) Arealet er uregulert og avsett til LNF-føremål. Det ligg og omsynssone landbruk på arealet.

Det er per i dag ikkje registrert drift på bruket. Etablering av ny bustad vil krevje at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon frå arealføremålet før vi kan handsame søknad. Søknad om dispensasjon må nabovarslast

Teikningar

Motteken situasjonsplan er ikkje påført ytre hovudmål.
Planteikningar er ikkje påført verken romfunksjon eller storleik.

Eksisterande våningshus

Slik vi forstår søknad er det planar om å bruksendre eksisterande våningshus. Det er ved søknad ikkje lagt ved verken teikningar eller fotodokumentasjon av det eksisterande våningshuset og heller ikkje dokumentasjon på planlagd planløysning og romfunksjonar slik det eksisterande våningshuset er tenkt bruksendra.

Vi gjer merksam på at administrasjonen i utgangspunktet ikkje er positiv til etablering av annekts til bustad.

Dersom det vel å rive det eksisterande våningshuset må de dokumentere planløysing, fasadar, arealstorleik mv. Eventuell riving av det eksisterande våningshuset vil og krevje nabovarsling.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet
2. Dokumentasjon på at dispensasjon er nabovarsla.
3. Oppdatert situasjonsplan påført ytre hovudmål.
4. Oppdaterte planteikningar påteikna romfunksjon og storleik.
5. Teikningsmateriale og fotodokumentasjon av eksisterande våningshus og planlagd planløsing og romfunksjonar ved bruksending.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.04.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stein Otto Hole	Vassendveien 91	5174	MATHOPEN
-----------------	-----------------	------	----------

Mottakarar:

Stein Otto Hole	Vassendveien 91	5174	MATHOPEN
-----------------	-----------------	------	----------